



Jan Otto Pletten
LUREVEGEN 739
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8013 - 22/22911

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
21.03.2022

Løyve til skadefelling av grågås - gbnr 58/5, Stølen Gård, Lygra.

Administrativt vedtak: Saknr: 322/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark §3-5. gjev Alver kommune, Jan Otto Pletten, skadefellingsløyve til 4 grågås på innmark på gbnr. 58/5, Stølen gård, Lygra.

Løyvet plikter at dei førebyggjande tiltak til stansning eller avvegjing av skaden i rimeleg utstrekning heldt fram samstundes med skadefellinga. Det vert oppfordra til at skadefellinga vert kombinert med at det vert lagt ut friområde der gåsa fritt kan beite for å auka effekten av skadefellinga.

Skadefellingsløyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Det skal tas ut skadegjerande individ i det området der skaden er.
- Det skal ikkje skytast meir enn 2 fuglar i døgnet.
- Løyvet gjeld fram til 20. april 2022.
- Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som uttaket er avslutta og innan 5. Mai 2022.
- Avtale med grunneigar er eit krav for at skadefelling skal kunne gjennomførast.
- Uttaket skal følge FOR-2020-04-01-565 Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark.

Grunngjeving går fram av saksutgreiing.

Saka gjeld


Jan Otto Pletten søker på vegne av Astrid B Pletten i brev dagsett 17.02.2022, om skadefellingsløyve til grågås. Det er søkt om å ta ut grågås på gbnr. 58/5, Stølen gård, Lygra i Alver kommune for nødvendig å stanse eller avverje skade på avling.

Gåsa gjer stor skade i beiten og på slåttemark. Tidlegare år har reduksjon i avling på dette område vert 30%. Gåsa vanlegvis i områda frå mars til ut mai og gjerne lenger. Det er observert flokke av grågås opp mot 60 stk. men veldig ofte er det 15-25 gås som er der nesten fast. Dette gras slås i silo med fôrhøster og faren for å få drit i fôret er stor.


Sia gåsa kom vert det plassert ut fugleskremsel som har virket en liten stund. Gåsa vert og skremt bort med hund. Ofte ses at gåsa tar en runde og kommer tilbake, eller kommer tilbake dagen etter.

Det har ikkje før vert utført skadefelling av grågås i områda.

Har merket på myra til bruk 58/5/0 hvor gås har størst beitetrykk.



Frionråde for gås. Vi har observert flokker med gås på merka område. Ingen jakt her.



VURDERING:

Prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde, jamfør Naturmangfaldslova § 7. Prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Dei seinare åra har vi sett ei auke i bestand av grågås i vårt område. I dag er jakttida på grågås sett til 10.08 –23.12. Jakttida samsvarar ikkje med perioden skadepotensialet er størst og skadefelling er i nokre tilfelle nødvendig for å begrense skade på slåttemark og beite. Skadefelling er eit unntak frå viltlova og fredings prinsippet, for å hindre eller begrense avlingstap, og må ikkje true bestandens overlevelse. I heile Nordhordland er problema med gås et kjent problem. Gåsa startar beiting på slåttemarka tidleg vår og det kan medføra stor skade på enga. I tillegg til redusert avling er det eit stort problem at gåsa skit i avlinga og øydelegg eller redusera kvalitet på foret. Det har vore fleire artiklar om kor store tap gåsa gjer på avlinga, og kva tap dette utgjer for bonden. Etter forskrifta er eit krav at skaden er eller kan bli av vesentleg økonomisk betydning samt uttaket er egna til å stanse eller vesentleg begrense skadesituasjonen før ein kan gje løyve til skadefelling.

Det er drift på eigedommane som no søker skadefelling, og avlingstap og redusert forkvalitet utgjør eit vesentleg økonomisk tap for drifta. Det er krav om at det skal vera brukte skadeførebyggjande tiltak i rimeleg utstrekning, vurdert ut frå kva verdiar som skal beskyttast og kostnadene ved desse for å redusere skadeomfanget, før ein kan gje skadefellingsløyve. Det er freista med vanlege skremmetiltak utan at det har fungert, gåsa forsvinn ein kort periode, men kjem raskt attende.

Skadefelling er ikkje ei optimal løysing på det aukande problemet med gås i regionen, men i denne konkrete saka vert det vurdert som naudsynt og egna til å stanse eller vesentleg redusere skadesituasjonen utan at utførelsen truer bestandens overlevelse.

Der vert synfaring med kommunal villforvaltar den 10 mars. I samarbeid med andre belasta bønder på Lygra er gbnr. 58/2 lagt ut som jaktfritt område for gås.

Søknad vert sendt inn på forkant frå søker og det har vert løypande dialog mellom villforvaltar og søker om tidspunktet før krava til skadefelling var oppfylt. Det vert gjet skadefellingsløyve til søker i områda sesong 2021 i midten av april som var for seint til å redusere omfang av skada.

Regelverk

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfald.

FOR-2020-04-01-565 Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegerert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/22911

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:
Jan Otto Pletten

LUREVEGEN 739

5912 SEIM